



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
23/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V30, TI-&00, HistSak-14/216	21/238

NY LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSEL AV ORGANISK OPPHAV, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND

Vedlegg:

Høyringsuttale vedr. Framlegg til ny, Lokal forskrift om spreiefrist av husdyrgjødsel i Vaksdal kommune- innkorting av spreiefrist.

Miljøtilstand for Vaksdal side 22

Høyringsuttale - ny forskrift om spreieing av husdyrgjødsel

Høyrings svar - Vaksdal - lokal forskrift om frist for spreieing av husdyrgjødsel - innkorting av spreiefrist

OFFENTLEG HØYRING - FRAMLEGG TIL NY, LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL I VAKSDAL KOMMUNE - INNKORTING AV SPREIEFRIST.

Vaksdal - brev - Lokal gjødsel forskrift og vassmiljø

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 andre, tredje og fjerde ledd, vedtek Vaksdal kommunestyre følgjande, lokal forskrift om spreieing av husdyrgjødsel og silopressaft i Vaksdal kommune:

Forskrift om spreieing av gjødselvarer av organisk opphav mv., Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Vaksdal kommune den 29.03.22, med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23](#) andre, tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreieing av gjødsel av organisk opphav ut frå lokale ver- og veksttilhøve, slik at intensjonen i nasjonal husdyrgjødsel forskrift og vern mot ureining av vatn, vassdrag og grunn vert oppnådd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, som skal spreieast på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. oktober til og med 15. februar, er det ikkje høve til å spreie gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt lovleg å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark. På spreieareal opp til 200 m.o.h. kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling, fram til og med 15. september.

På alt anna spreieareal kan det ikkje spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling etter 1. september.

I perioden frå siste spreiedato og fram til 1. oktober, kan ein unntaksvis spreie gjødselvarer av organisk opphav under spesielt gunstige omstende og vertilhøve. Kravet er at gjødsla vert molda ned innan 18 timar etter spreieing. Løyvet gjeld ikkje eventuelle område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining.

§ 4. Spreiereglar

Ved spreieing av gjødselvarer utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, gjeld følgjande vilkår:

- Det kan maksimalt nyttast 2 m³ gjødsel per dekar.
- Det skal ikkje gjødselast i ei sone på minst 10 meter mot sjø, vatn, elvar, bekkar og liknande.
- Det skal det takast omsyn til vertilhøve, jordsmonn og flaumrisiko.

§ 5. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

§ 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren.

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 1. april 2022, og gjeld fram til den vert oppheva.

Vedteken forskrift skal kunngjerast i «Lovdata».

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 28/2022

FPØ - Behandling:

Rådgjevar Tore Henrik Øye var til stades og svarte på spørsmål.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

I medhald av i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 andre, tredje og fjerde ledd, vedtek Vaksdal kommunestyre følgjande, lokal forskrift om spreieing av husdyrgjødsel og silopressaft i Vaksdal kommune:

Forskrift om spreieing av gjødselvarer av organisk opphav mv., Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Vaksdal kommune den 29.03.22, med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23](#) andre, tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreieing av gjødsel av organisk opphav ut frå lokale ver- og veksttilhøve, slik at intensjonen i nasjonal husdyrgjødselsforskrift og vern mot ureining av vatn, vassdrag og grunn vert oppnådd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, som skal spreiest på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. oktober til og med 15. februar, er det ikkje høve til å spreie gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt lovleg å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark. På spreieareal opp til 200 m.o.h. kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling, fram til og med 15. september.

På alt anna spreieareal kan det ikkje spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling etter 1. september.

I perioden frå siste spreiedato og fram til 1. oktober, kan ein unntaksvis spreie gjødselvarer av organisk opphav under spesielt gunstige omstende og vertilhøve. Kravet er at gjødsla vert molda ned innan 18 timar etter spreieing. Løyvet gjeld ikkje eventuelle område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining.

§ 4. Spreiereglar

Ved spreieing av gjødselvarer utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, gjeld følgjande vilkår:

- Det kan maksimalt nyttast 2 m³ gjødsel per dekar.
- Det skal ikkje gjødselast i ei sone på minst 10 meter mot sjø, vatn, elvar, bekkar og liknande.
- Det skal det takast omsyn til vertilhøve, jordsmonn og flaumrisiko.

§ 5. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

§ 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren.

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 1. april 2022, og gjeld fram til den vert oppheva.

Vedteken forskrift skal kunngjerast i «Lovdata».

SAKSOPPLYSINGAR

Samandrag (kort om saka):

Ordinær spreiefrist for gjødsel av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling, er 1. september, jf. gjødselvarerforskrifta § 23 andre ledd. Kommunen kan utsetje fristen til 1. oktober, om klimatiske

forhold og omsynet til vasskvaliteten i vassdrag gjer det forsvarleg, jf. § 23 tredje ledd.

Utsett spreiefrist for husdyrgjødsel utan nedmolding/nedfelling i Vaksdal kommune, har vore 1. oktober sidan 2015, jf. lokal forskrift 22.06.2015 (FOR-06-22-781).

I brev av 29.06.20 rår Statsforvaltaren i Vestland til oppheving av utsett frist for alt spreieareal, spesielt for areal langs vassdrag med redusert vasskvalitet grunna næringsavrenning frå jordbruket. Her går det fram at kommunen ikkje kan utvide spreiefristen langs vassdrag som ikkje har «god økologisk tilstand», jf. vassforskrifta § 4. I dette høvet vart det med utgangspunkt i «Vann-nett, peika på følgjande vassdragsstrekningar:

- 061-235-R – Bergsdalselva.
- 063-190-R - Eksingedalsvassdraget, midte Lavik – Nese.

Som følge av brevet frå Statsforvaltaren, sendte Vaksdal kommune framlegg til ny forskrift på offentleg høyring, med følgjande endringar:

- Oppheve 1. oktober som utsett frist for spreieing av gjødsel utan nedmolding/nedfelling på alt godkjend spreieareal.
- Innføre 15. september som frist for spreieing av gjødsel utan nedmolding/nedfelling på spreieareal opp til og med 200 m.o.h.
- Innføre 1. september som frist for spreieing av gjødsel på spreieareal over 200 m.o.h.

Det kom uttalar frå Eksingedalen/Vaksdal bondelag, Bergsdalen jordbrukslag, Vaksdal Sau og Geit og Statsforvaltaren i Vestland. Faglaga går inn for vidareføring av gjeldande spreiefrist (1. oktober). Statsforvaltaren går inn for 1. sept. som fast/primær spreiefrist, i tråd med nasjonal forskrift.

Etter høyringsrunden går Kommunedirektøren inn for 1. september som spreiefrist for alt areal over 200 m.o.h., og 15. september som spreiefrist for areal opp til og med 200 m.o.h. (utan nedmolding). Dette gjev ei innkorting med 14 dagar for areal over 200 høgdemeter, i høve til høyringsframlegget.

Bakgrunn for saka:

Vaksdal kommune har sidan 2015 hatt lokal forskrift om spreieing av husdyrgjødsel på godkjende spreieareal, med 1. oktober som utsett spreiefrist for gjødsling utan nedmolding/nedfelling. Dette er ein månad lengre enn ordinær frist i Forskrift om husdyrgjødsel § 7 (1. september).

I brev av 29.06.21 rår Statsforvaltaren til å oppheve utsett spreiefrist. Grunngevinga er risikoen for avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal til vatn/vassdrag, med negativ verknad for vasskvaliteten og målet om «god økologisk tilstand» for vassmiljøet, jf. vassforskrifta § 4. Det går fram at kommunen ikkje kan utvide spreiefristen i nedslagfelt til vassdrag som ikkje har «god økologisk tilstand». I følge brevet gjeld dette spesielt følgjande vassførekomstar (jf. Vann-nett og Fylkesatlas):

- 061-235-R – Bergsdalselva.
- 063-190-R - Eksingedalsvassdraget, midte Lavik – Nese.

Med bakgrunn i Statsforvaltaren sitt brev, sendte formannskapet framlegg til ny lokal forskrift på offentleg høyring, med følgjande endringar for gjødselspreieing utan nedmolding/nedfelling:

- Oppheving av 1. okt. som utsett spreiefrist for areal over 200 m.o.h., med 1. sept. som ny spreiefrist.
- Innføring av 15. sept. som ny spreiefrist for areal opp til 200 m.o.h. (red. med 15 dagar).

Det kom inn uttalar frå Eksingedalen-Vaksdal bondelag, Bergsdalen jordbrukslag, Vaksdal sau og geit og Statsforvaltaren i Vestland. Utdrag frå uttalane går fram av det følgjande:

EKSINGEDALEN-VAKSDAL BONDELAG (dagsett 22.04.21):

- Bondelaget finn det sterkt urimeleg med innkorting av dagens spreiefrist om hausten.
- Ei slik innkorting vil føre til mange søknadar om dispensasjon frå forskrifta.
- Bondelaget meiner at klima- og vekstforholda dei fleste stader over 200 m.o.h., gjev grunnlag for gjødselspreiing ut september, under føresetnad av slått/beiting etter gjødsling.
- Det vert etterlyst ei betre grunngeving for skilnaden mellom areal over og under 200 meter.
- Kortare spreieperiode vil gje mangel på lagerkapasitet hos mange, sidan lagera er bygde i ei tid med lågare krav til lagring. Kommunen må difor kartleggje status før ei evt. innkorting.
- Praksis for spreieing og meir bruk av miljøvenleg spreieutstyr, reduserer faren for avrenning.
- Stadig lengre vekstsesong gjev grunnlag for spreieing fram til 1. oktober, som i dag.
- Avstandskrav til vassdrag på 6 meter ved spreieing etter 1. sept, vil vere tilstrekkeleg av omsyn til vassmiljøet. Laget støttar grensa på 3m3 gjødsel per daa.

BERGSDALEN JORDBRUKSLAG/VAKSDAL SAU OG GEIT (felles uttale, dagsett 22.04.21):

- Stadig lengre vekstsesong gjer at graset kan nyttast som grovfôr, også etter gjødsling i sept.
- Resultata i «Vann-nett» viser at Bergsdalselva er lite påverka av avrenning frå jordbruket.
- Faglege undersøkingar i 1994 og 2015 viser at vasskvaliteten betra seg i perioden, med mindre innslag av fosfor og nitrogen. Konklusjonen i 2015 var «lite forurenset vassdrag».
- Nemnde målingar viser liten næringsavrenning frå jordbruket, og at spreieing av gjødsel ut september, vil vere forsvarleg av omsyn til miljøet.

STATSFORVALTAREN I VESTLAND (dagsett 12.04.21):

- Redusert vassføring grunna kraftregulering, gjer det vanskeleg å oppnå god miljøtilstand. Det er difor naudsynt med ekstra tiltak knytt til gjødsling.
- Det er ønskjeleg med 1. september som frist for all gjødselspreiing utan nedmolding.
- Gjødsling fram til 15. september, som i framlegg til ny forskrift, kan medføre auka risiko for tap av næringsstoff og ureining av vassdrag.
- Bruk av husdyrgjødsel som ressurs for jordbruket, tilseier 1. september som spreiefrist.
- Evt. behov for gjødselspreiing etter 1. september, bør handsamast som enkeltvedtak, framanfor utsett frist i forskrift. Dette vil gje betre lokal tilpassing og førebyggje ureining.
- Agronomisk sett er det sjeldan behov for gjødselspreiing etter 1. september.

- Kommunen har ikkje heimel til å gje utsett spreiefrist langs vassdrag med dårleg vasskvalitet.
- Utsett spreiefrist kan ikkje gjelde vassførekomstar med «stor» eller «middels» påverknad frå jordbruksavrenning, og der det er behov for tiltak for å nå måla for vassmiljøet.
- Statsforvaltaren seier at utsett spreiefrist ikkje kan gjelde jordbruksareal langs:
 - ^ 061-235 R Bergsdalselvi.
 - ^ 063-190-R Eksingedalsvassdraget midtre, Lavik - Nese.
- Statsforvaltaren rår til å forby nedmolding etter 1. sept. ut frå faren for ureining/erosjon.
- Statsforvaltaren rår til bruk av maksimalt 2 m³ med husdyrgjødsel per daa, ved eventuelt utvidinga spreiefrist.

 Handsaming av innkomne uttalar går fram under «vurderingar og konsekvensar»

FORMELT GRUNNLAG

- «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, (FOR 2003-07-04-951).
- «Forskrift om husdyrgjødsel (FOR-2002-02-11-337).
- «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (FOR-2006-12-15-1446).
- «Vann-nett», www.vann-nett.no

VURDERING OG KONSEKVENSA

Innkomne uttalar vert handsama samla og tematisk, med utgangspunkt i:

- Målet om «god vasskvalitet» for vassførekomstane, jf. «Vann-direktivet»
- Den lokale situasjonen for vassførekomstane i kommunen, jf «Vann-nett».
- Grunnlaget for utsett frist i høve til tilstand og framtidige mål for vassførekomstane.

Tilstand for vassmiljøet og lokale omsyn

Informasjonen i «Vann-nett» om økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomstar i kommunen, dannar grunnlaget for vurdering av utsett spreiefrist. Registreringane dekkjer ikkje alle parameter, og det er mange år mellom dei vasskjemiske målingane fleire stader. Dei siste målingane i Bergsdalselva vart gjort i 2015. I Nesevatnet i Eksingedalsvassdraget vert det gjort årleg målingar i samband med kalking av Ekso, og i 2018 vart det gjennomført målingar i Bergsvatnet.

Midtre delar av Ekso, mellom Lavik og Nese, viser «moderat økologisk tilstand», med middels påverknad frå jordbruket. Kjemisk tilstand er «undefinert». Målingane i Nesvatnet og Bergavatnet viser jamt over gode verdiar for innhaldet av niotrogen (N) og fosfor (P). Men det er registrert svingingar, med høgaste/dårlegaste verdiar på seinsommaren/hausten (august, september og oktober). Dette kan indikere verknadar av gjødsling etter at grasveksten har stagnert, og det er grunn til å tru at sein gjødsling, med mindre næringsopptak i graset, vil føre til auka risiko for tilsig av næringsstoff, med negativ verknad for vasskvaliteten. I dette høvet er det jordbruksareal langs store deler av strekninga, og for å redusere faren for avrenning, vert ei konsentrering av husdyrgjødsling til vekstsesongen, før andreslåttan, vurdert som viktig.

Påverknaden frå jordbruket i Bergdalselva, frå Berge til Fosse, er i «Vann-nett» klassifisert som «middels». Vasskvalitetsmålingane viser at konsentrasjonane av N og P også her er gode i tidsrommet målingane er gjort. Resultata uttrykker først og fremst eit straksbiletet, og det er over tre år sidan målingane vart tekne. Problemstillinga på strekninga er i stor grad lik den i Ekso, med auka risiko for næringsavrenning etter vekstsesonen. Gjødsling bør difor avgrensast til sesongen, innanfor slåttetidspunkta. Det bør elles prioriterast nye målingar i 2022, for å få ei betre skildring av status.

Det går fram av målingar at Daleelva har lite innslag av næringsalter, og påverknad frå jordbruket vert vurdert som avgrensa. Den økologiske tilstanden i Sædalselva er omtalt som moderat, med vektlegging av sur nedbør som hovudårsak.

«Begroing» i Bergdalselva og Ekso

Den aukande veksten av krypsiv og flotgras i delar av Bergdalselva og Ekso, verkar negativt inn på vassmiljøet på elvestrekningane, og regulanten har difor gjennomført fresing/klypping som avbøtande tiltak. Reguleringa av vassdraga vert vurdert som ein hovudårsak til framveksten, gjennom kraftig reduksjon av naturleg vassføring. Dette fører til at evt. næringsavrenning frå jordbruket vil verka sterkare inn på veksten, også i små mengder, grunna mindre tynningseffekt. Noko som også er knytt til utforminga på elvestrekningane, ved at terskelbasseng og fleire slake parti gjev stillestående og rolegflytande vatn, med auka verknad frå moglege næringstilsig.

Med bakgrunn i måla i «Vann-nett» om betre økologisk tilstand, vil det vere naturleg å redusere risikoen for tilsig av næringstoff mest mogleg, for eit best mogleg vassmiljøet. I dette høvet vert opphøyring av gjødsling etter 1. september vurdert å kunne betre situasjonen, saman med andre aktuelle tiltak.

Temperatur og nedbør som faktorar for grasvekst og næringsavrenning

Bruk av husdyrgjødsel til grasvekst som grovfôr (slått/beite), må vere utgangspunktet for evt. spreiefrist etter 1. september (ordinær frist). Premisset for denne vurderinga er at grasveksten stagnerer ved kring 6 grader C, med påfølgjande reduksjon i graset sitt opptak av næringstoff. Ei tilpassing av spreiefristen til vekstforholda, vil soleis gje redusert fare for næringstap og avrenning til vassdrag. Gjødsling før siste slåttetidspunkt, gjev også best bruk av gjødsla som økonomisk ressurs.

Tabell 1. Registrerte døgnmiddeltemperatur ved faste målstasjonar på Fossmark og i Modalen i 2018-2021, med stipulerte verdiar for stader i Eksingedalen og Bergsdalen (grader C).

Stasjon/stad	Døgnmiddeltemp. 01.09. 2018- 2021	Døgnmiddeltemp. 15.09. 2018-2021	Døgnmiddeltemp. 30. 09. 2018-2021
Fossmark (10 m.o.h.)	12,7	10,1	8,7
Modalen (125 m.o.h.)	7,4	8,1	7,1
Stip. ved Lavik (300 m.o.h.)	6,0	6,7	5,7
Stipulert Berge/Fosse (400 m.o.h.)	5,3	6,0	5,0
Stipulert Trefall/Berge (500 m.o.h.)	5,0	5,3	4,3

Med utgangspunkt i middeltemperaturane vil grasveksten i midtre og øvre delar av Eksingedalen og Bergsdalen stagnere (tidleg) i september månad, med redusert næringsopptak, medan det er større grunnlag for grasvekst og tre slåttar i lågareliggjande strøk. Dette er forhold å vere merksam på ved vurdering av spreiefrist etter 1. september. Verdiane i tabellen indikerer at det er skilnadar i vekstforholda om hausten, over og under 200 m.o.h., der veksten truleg er liten/avgrensa over denne høgdegrensa. Det skal likevel nemnast at det kan vere årlege variasjonar, og at dagtemperaturane er høgare enn middeltemperaturane.

Det kan vere mykje nedbør om hausten i Bergsdalen og Eksingedalen. Dette kan føre til «lekkasje» av næringsstoff som ikkje er tekne opp i graset ved sein gjødsling (etter vekstsesongen). Risikoen for dette vil vere vesentleg mindre ved god grasvekst, og forholdet bør takast omsyn til ved fastsetjing av spreiefrist om hausten.

Skilnadar i spreiefrist etter høgdegrense (200 m.o.h)

I uttalanen frå faglaga vert det etterlyst betre grunngeving for framlegget om ulike spreiefristar over og under 200 m.o.h., med høvesvis 1. og 15. september siste spreiedatoar. Her legg Kommunedirektøren til grunn meir gunstige vekstforhold, med grunnlag for hausting etter 1. september, for areal som ligg under denne høgdegrena. Av den grunn vert risikoen for næringsavrenning vurdert som lågare. Samstundes har vassdraga/partia som ligg under 200 meter, hovudsakleg ei anna utforming enn midtre delar av Bergsdalselva og Ekso, ved at dei stor sett er striare, med raskare og høgare vassføring, spesielt nedanfor kraftstasjonane. Dette gjer dei mindre utsett for påverknad.

Lagerkapasitet for gjødsel

Eksingedalen-Vaksdal bondelag viser til at krava om gjødsellagerkapasitet er strengare i dag, enn når mange av driftsbygningane som er i bruk, vart bygde. Bondelaget meiner difor at kommunen må skaffe seg oversikt over status for lagerkapasitet på kvar einskild gard før innkorting av spreiefristen.

Kommunedirektøren er kjend med problematikken, men vurderer ikkje lagerkapasiteten som eit avgjerande argument for utsetting av spreiefrist. Utgangspunktet må vere mest mogleg spreieing av gjødsling i vekstsesongen - innan 1. september - med eventuell bruk av mellomlager ved behov. Økonomiske stønadsordningar frå Innovasjon Norge for utviding av lagerkapasiteten, er også tilgjengeleg. Ei utviding av spreiefristen i forskrift, bør difor i hovudsak ha grunngeving i andre forhold.

Enkeltvedtak framanfor utsett frist i forskrift

Ved evt. behov for utsett spreiefrist vil det som Statsforvaltaren nemner, vere mogleg å gje dispensasjon via enkeltvedtak (etter søknad). Dette vil truleg gje eit betre grunnlag for å styre gjødslinga på best mogleg måte, samanlikna med utsett frist. Samstundes merkar vi oss at Statsforvaltaren gjev støtte til utvida spreiefrist i enkelte område, dersom det er forsvarleg ut frå klima og vasskvalitet.

Innretting av gjødsling ved utsett spreiefrist

Kommunedirektøren ser på innretting av gjødselspreieing etter 1. september som viktig for å sikre minst mogleg næringsavrenning. Høyringsframlegget sitt avstandskrav på 10 meter frå vassdrag, vert difor oppretthalde for spreieareal under 200 m.o.h. Av den same grunn vert maksimal mengd med husdyrgjødsel redusert frå 3 m³/daa i framlegget, til 2 m³/daa i endeleg innstilling til forskrift, i tråd med innspelet frå Statsforvaltaren.

Gjødselsspreiing med nedmolding

Statsforvaltarane rår til forbod mot nedmolding av husdyrgjødsel etter 1. september. Argumenta er risikoen for næringsavrenning og erosjon, spesielt i område med mykje nedbør. Kommunedirektøren skjønar argumentasjonen. Framlegg til eit slikt forbod vart ikkje inn i høyringsframlegget. Ut frå dette finn ikkje kommunedirektøren grunnlag for å setje 1. september som frist, men 1. oktober.

OPPSUMMERING/KONKLUSJON

Med bakgrunn i nasjonal forskrift og gjennomført høyringsrunde, innstiller Kommunedirektøren på følgjande spreiefristar ved spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding/nedfelling:

- 1. september for spreieareal over 200 m.o.h.
 - *Spreiefristen gjev verknad for spreieareal frå og med Nese i Eksingedalen og Fosse i Bergsdalen, og fører til ei innkorting frå 1. oktober i høve til tidlegare forskrift.*
 - *Spreiefristen er i tråd med høyringsframlegget til ny forskrift.*
- 15 september for spreieareal opp til og med 200 m.o.h.
 - *Spreiefristen opnar for spreieing langs nedre delar av Ekso, i Dalelva og i Sædalselva.*
 - *Spreiefristen er i tråd høyringsframlegget.*

Ei grunngjeving for å endre spreiefristen for areal frå og med 200 m.o.h., er uttalen frå Statsforvaltaren om å ikkje tillate forlenga spreiefrist i vassdrag «med moderat økologisk tilstand», jf. «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» § 4. I tillegg kjem omsynet til vasskvaliteten/ vassmiljøet, der 1. september som spreiefrist vert vurdert til å redusere risikoen for avrenning/ureining.

Statsforvaltaren forvaltar nasjonale rammer og føringar i vassforvaltingsarbeidet, og peikar på kommunen si særlege rolle for å nå måla om godt vassmiljø. I dette høvet ser Kommunedirektøren det som naturleg å følgje opp Statsforvaltaren sine argumentasjonar og tilrådingar.

Kommunen finn grunnlag for å setje 15 september som spreiefrist for spreieareal opp til og med 200 m.o.h. ut frå klimatiske forhold og påverknadsgraden frå jordbruket. Føresetnaden er krav til avstand frå vassdrag (minst 10 meter) og mengd husdyrgjødsel per daa (maks 2 m³) ved spreieing etter 1. september.